

BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik | Nr. 1 | mars 2026 | Årgang 68



Ta vare på historien din – skriv den ned	2
Det er mykje kristentru å finne i søljene våre	6
Familiegudsteneste med fastelavens-sus!	9
Eidfjord kyrkje med vind i segla	10
Tilbakeblikk til 2006	12

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyeni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiarkyrkjevevje:

Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 958 04 217
wm953@kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk, tlf. 967 42 927, ebryk@interia.pl

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Berge Aarvik, tlf. 452 28 287,
tiljorunn@gmail.com

Kyrkjetenar:

 John-Rikard Mandelid

Soknerådsleiar: Guri-Kristina Batta Bjørnstad,
tlf. 907 27 767

Eidfjord kyrkjekontor:

Lægreidsvegen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51
post@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjevevje:

 Irene Vivel,

irene@eidfjordkyrkje.no

Assisterande kyrkjevevje:

 Tone Felle Nesheim,

tone@eidfjordkyrkje.no

Organist:

 Kris Ulita, kris@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjetenar:

 Christian Bouvain,

christian@eidfjordkyrkje.no

Klokkar og barne- og ungdomsarbeidar:

Ingeborg Wijland, ingeborgwijland@gmail.com

Barne- og ungdomsarbeidar:

 Tonje Skår,

tonje@eidfjordkyrkje.no

Soknerådsleiar:

 Kari Tveit Hovland, tlf. 913 86 874

Sokneprestar:

Eidfjord: Signe Elisabeth Kvåle, tlf. 917 91 233,

signe@eidfjordkyrkje.no

Ulvik: Anne Marthe Ulvik, tlf. 924 35 096,

au237@kyrkja.no

Eller kontakt: Voss kyrkjekontor – prostene,

tlf. 56 52 38 80

Redaksjon for kyrkjebladet:

Ass. kyrkjevevje Tone Felle Nesheim,

Ann Kristin Steinhovden Wathne, kyrkjevevje

Willemina van Manen, Guri-Kristina Batta Bjørnstad

og Finn Johan Gjerde

Redaktør: Kari Tveit Hovland,

karihovland1@gmail.com

KONTONUMMER: 3626 26 78029

VIPPS: 661653

Bladpengar for 2025 kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar

og gåver til kyrkjebladet.

**Takk til alle gode støttespelarar i
Eidfjord og Ulvik!**

Ta vare på historien din – skriv den ned

**Det kan variere kva ein er mest oppteken av:
Fortid og historie. Notid og dagen i dag. Framtid
med planar og draumar. Men eg trur dei fleste er
samd om at fortid og historien er viktig både for
dagen i dag og framtida. Ein snakkar om å lære
av historien.**

TEKST: HÅKON KVAMMEN

BILETE: TONE FELLE NESHEIM

Me har alle slekt eller røter, forfedrar og foreldre som har vore med på å
forma oss både gjennom arv og oppvekstmiljø. Historien deira hjelper oss
til å forstå kven me er og kva samanheng me står i, til å forme notida og
framtida så godt som mogeleg.

Det er eit vanleg fenomen at dess eldre ein blir, dess meir opptekne blir
me av fortida. Kanskje fordi det minkar på dagane. Kanskje fordi me «går
litt i barndomen». Mange driv med slektsgransking, skriv Memoarar,
«Kvardagsminne», «I manns minne», «Glimt frå livet». «Historieboka mi»
osv. Når eldre folk fell frå, er det for seint å spørja. Det som ikkje blir skrivne
ned, kan lett gå tapt. Det er sikkert for få som skriv dagbok.

I eldre tider var det forteljaren som i lange og mørke vinterkveldar heldt
liv i historien og historiane frå generasjon til generasjon. I kister og skuffer
rundt omkring i dei mange heimar finst det bunkevis av brev skrivne av våre
foreldre og besteforeldre. Siste året trur eg ikkje eg har fått meir enn eitt
«skikkeleg» brev. Fekk det nyss og sende svar i går til kr 28.- i porto.
Vår tid har mange kommunikasjonsmidlar og lagringsmedium. Det som
blir lagra som e-postar, meldingar eller bilete på telefonen eller datamaskin,
forsvinn lett. Eg mista i si tid mange bilete då «Telenor sikker lagring» vart
lagd ned.

Det skrivne eller trykte ord på papir er framleis eit av dei sikraste
lagringsmedium, og det same gjeld for foto.

Kanskje er det på tide at du byrjar å skrivne på «Historieboka di»? På data
(med utskrift) eller i ei skikkeleg stor skrivebok. Du kan førebu i dag og
byrja i morgon.

FRAMSIDE: Konfirmantane i Ulvik og Eidfjord, Granvin, Ullensvang og
Kinsarvik, Jondal, og Utne på konfirmantleir på Helgaton i november 2025.
Foto: Therese Bø

**Alle har noko å skrive om. Lag gjerne ein plan eller disposisjon.
Det kan til dømes vere:**

1. Slekt og slektsgreiner. Foreldre, besteforeldre, andre forfedrar. Kven var dei? Kva dreiv dei med? Kva har dei betydd for samfunnet omkring dei og etterkomarane.
2. Stadene som viktig for meg.
3. Barndom og oppvekst, ungdomsår. Kva sette spor? Skulegong, yrkesval, arbeid, fritidsinteresser, hobbyar. Kjepphestar? Viktige vendepunkt i livet. Hendingar eg hugsar godt. Historiar eg er flink til å fortelje.
4. Mine nærmaste. Ektefelle/livsledsager. Eventuelle born/ barneborn. Vener?
5. Kven er eg og kvifor?
6. Eventuelt gode råd til andre.



Bli kjent med Tonje!

TEKST: EIDFJORD KYRKJE

BILETE: PRIVAT

Ved å bruke av prosjektmidler har me kunne tilsetje Tonje Skår i ei midlertidig stilling fram til sommaren. Ho er altså Eidfjord kyrkje sin nyaste medarbeidar. Yngste også når det kjem til stykket. Faktisk så drar ho snittet kraftig ned. Det seier vel forresten meir om oss andre enn om henne...

Ho har ansvaret for Småbarnskaféen, og er Ingeborg sin sparringpartner for dei andre aktivitetane. Tonje er uallminnelig god til å lage mat, ho er nydeleg både utanpå og inni, og ho er flink til å lese folk og situasjonar. Tobarnsmammaen Tonje har erfaring med både små og større barn, og er sjølvsagt godt kjent med foreldrerolla si mange utfordringar. Tonje lagar alltid ei triveleg ramme på Småbarnskaféen. Til vår store glede ser me at pappaene også har fått augene opp for tilbodet. Her er det høgt under taket og kaffi på kanna.



Ja då, det vil skje ting før påske!

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Førebuing til påske byr på ulike aktivitetar i kyrkja vår. Dette er under planlegging så følg oss på heimesida og Facebook. Her er nokre glimt frå i fjor.



Alle kyrkjer skulle hatt ei Marit og ei Bente

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE

I kyrkja har me stadig bruk for frivillig arbeidskraft, og er veldig glade for alle som vil hjelpe. Då vår faste medhjelpar på minikyrkjekjøkkenet, Torill Tveit Lægreid gav seg var gode råd dyre. Me la ut eit lite, men akk så ærleg, videoklipp av korleis ståa var på kjøkkenet her før minikyrkjer. Det kom

tydeleg fram at stressnivået var skyhøgt, og når sant skal seiast også at evnene var begrensa. Innlegget gav resultat og me fekk napp hjå to sprudlande damer som tok over kokkeansvaret.

Kjære Marit og Bente: De er gull verdt for oss!! Kanskje meir enn de veit sjølve, og me gler oss til kvar gong de skal kome.

Når dei kjem inn dørane blir det latter, liv og god stemning med ein gong. Dei er kreative, så nå er det variasjon i serveringa. Spaghetitroll vart ein vinnar, pizza er alltid populært. Eg hørde jamvel rykter om at ei jente hadde sagt pizzaen deira var «til og med betre enn mammas». Det må seiast å vere eit godt skussmål.

I tillegg til det som er nemnt er denne frivillige hjelpa uvurderleg for Ingeborg. Ho treng ikkje lenger sette sin lit til kontorrottene. Ikkje bare er dei mindre kreative, og heldt seg til makaroni og tomatsaus kvar einaste gong.

All honnør til Marit Tveit Aurdal og Bente Stakseng Tveit.



Superduoen Marit og Bente.



Ei litt stressa Ingeborg.

Basar 2026 Ulvik helselag

Ulvik helselag sin årlege basar vert laurdag 7. mars 2026 i Elvatun.

Me treng gevinstar!

Ta kontakt med Kari Fleten,
tlf. 966 92 561



Har du dåpsbarn?

Me minner om at Eidfjord kyrkje har dåpskjole for utlån.

Det er mykje kristentru å finne i søljene våre

Det lir mot våren og dei mange festdagane då me tek fram bunadane våre og dei vakre syljene. Både kle og sylv må stellast litt med, pussast litt og ordnast. Søljer og nåler og knappar er vakre og verdifulle gjenstandar, og den største verdien er ofte affeksjonsverdien – verdien som er knytt til at vi har arva det eller fått det.



TEKST: SIGNE ELISABETH KVÅLE

Men visste du at bunadsølvett ditt er fullt av kristen symbolikk? Dei færraste av oss er klar over det. Dette er kunnskap som nesten har gått i gløymeboka.

Ei venninne gjorde meg merksam på dette for nokre år sidan. Ein sølvsmed såg ringen hennar – ein bunadring frå Valdres, som ho ofte går med fordi ho synest den er fin og fordi den er heimafrå – fortalte meg om dette for nokre år sidan. Og eg syntest det var så interessant at eg tykte eg ville skriva litt om det.

Bunadsølv er meir enn pynt og det er meir enn eit uttrykk for kvar vi kjem frå. Det fortel også om ein kristen arv. Dei gamle søljene vart til i ei tid der dei færraste kunne lese og skrive. Bruk av symbol var meir vanleg og meir forståeleg for dei fleste. Sjølv sagt var dei fyrst og fremst brukt til kledda, for å få skjorter og vestar knepte og stakkar og brøker samla og festa. Men søljene vart også ofte lagt i vogga til det nyfødde barnet, saman med salmebok for eksempel, fordi ein tenkte at det verna det udøpte barnet mot dei vonde maktene. Symbola var sterke og kjende. Det var vanleg, og er det enno, at borna fekk små nåler og søljer i gåve etter kvart som dei voks opp.



Toneskredo

byrja vårsesongen måndag 5. januar med blanke ark!

Julesongane er lagt vekk, og no er musikalnotane kome fram. I skrivande stund har vi allereie begynt på musikk frå musikalen Grease, The Greatest Showman, Michael Jackson og ABBA.

Dirigent er fortsatt Tom-Jarle Istad Kristiansen. Han finn ny og spennande musikk til oss, og får oss verkeleg til å gjere vårt aller beste! Tom-Jarle dirigerer også Vik Songlag og Vossagospel, og no i vår skal vi nok ein gong ha eit større musikalsk samarbeidsprosjekt med dei. Det vert tre øvingar saman på Voss, og vi avsluttar med ei stor konserthelg!

Den vert 29.-31. mai, med konsert på Voss 29. mai, i Eidfjord 30. mai og i Vik 31. mai.

Det er utrueleg kjekt å syngje saman med så mange, og vi gler oss stort!

Høyres dette ut som noko som om det kan vere noko for deg? Ta kontakt, og kom innom oss ein måndag! Vi øver måndagar i partallsveker kl.19-22. Øvingane finn stad i Eidfjord kyrkje og på samfunnshuset. Vi har ulikt repertoar gjennom året, og deltek på ulike oppdrag og arrangement.

Velkommen til oss i Toneskredo, og velkommen til musikalkonsert på samfunnshuset laurdag 30. mai

*Leiar i Toneskredo,
Hilde Anette Bu*

Dei var jo både naudsynte for å kle på seg, særleg finklede, men også nydelege små symbol å ha med seg på livsferda. Så lenge menneska har forma i tre og metall har dei laga prydgjenstandar. Arkeologar finn gamle smykke i nesten alle kulturar og verdenshjørner. Det vakre har alltid appellert til kunstnarar og til berarane av smykka- store og forseggjorte til dei rike, enkle og små til dei fattige. Men nesten alle menneske har gjennom tidene brukt smykke, og smykka har borte viktig symbolikk for denne kulturen og det samfunnet dei høyrer heime i.

Eg tek berre fram ein liten smakebit av alt dette – kanskje kjenner du ein sølvsmed eller andre som kan fortelje deg meir. Om du tek ein titt på bunadsølvet ditt vil du sannsynlegvis finne mykje talsymbolikk:

- 2-talet finn vi gjerne på nålene som held skjorta saman i halsen. Ofte i form av to knappar som sit tett saman. Dette er eit symbol for Jesus, for inkarnasjonen, at Jesus har to naturar, han er både Gud og menneske.
- 3-talet går mykje igjen. Det er talet for Gud, som er tre i ein: Fader, Son og Heilag Ande.
- 12-talet finn vi ofte på større søljer. Dei er gjerne utforma som ein krans, med 12 (eller 24) like delar, ofte med skåler eller ringar på. Dette er talet for dei tolv læresveinane. I midten finn vi Jesus. Stundom er eit andlet utforma som

eit synleg midtpunkt, andre gonger i form av eit opent rom, kanskje ein rest av det gamle forbodet mot å avbilde Gud?

- 12 er deleleg på 3. Det er også deleleg på 4. 4 er talet for dei fire verdshjørna: Nord, sør, aust og vest – og alt som er i mellom – altså heile skaparverket. 3 og 4 blir til saman 7, som er eit heilag tal, eit tal som symboliserer at det guddommelege og det jordiske møtest og smeltar saman.
- Hjarteforma søljer, ofte med krone over, er eit gammalt Maria-symbol. Jomfru Maria som vart mor til Guds Son. Og på knappar, mansjettknappar og nåler kan ein finne 5-bladsroser, som er eit Olavs-symbol. Heilag Olav står som sjølv symbolet på kristninga av landet vårt.

Nokre syljer heiter endå til det same som symbolet dei viser, som Agnus Dei-kjedet her i Hardanger. Særleg gifte kvinne bar denne kjeda og den store, vakre sylja som er fest til det. Agnus Dei tyder Guds lam.

Bunaden er ikkje berre ein måte å vise rikdom, sivilstand eller kvar i landet vi har røtene våre. Bunadsølvet minner oss også på at vi høyrer til i eit større fellesskap: den verdsvide kyrkja. Gud vart menneske i Jesus Kristus – og vi får høyre til i det fellesskapet som veks fram rundt han.



Foto: Agurtxane Concellon

JOHANNES MELVE

sokneprest i Ulvik og Granvin frå 1980 til 1997

Kjære Borghild med familie!

Vår djupe medkjensle i sorga.

Det var ikkje uventa, men så trist likevel.

Eg vil dra fram nokre minne eg har om Johannes, og spesielt frå Ulvik der han og Borghild var med familien 1980–1997.

Johannes var venleg og omsorgsfull. Varleg, han tok ikkje heile rommet. Han fekk god kontakt med oss i bygda, ja, Borghild hjalp no litt med det...

Johannes var idrettsmann, idrettsinteressert. Han kom raskt med i idretten i bygda, og var også med i styret i idrettslaget. Han var ein god løpar, og var med i friidretten, men også med i langrenn. Borna vart også med i idrettsaktivitetar.

Eg har ei lita historie frå ljosløypa på Bergo i Ulvik, som enda godt: Ein gong på trening slokna ljuset brått. Me visste at Johannes var i løypa, og vart litt bekymra. Ljuset kom att, me sakna Johannes, men brått kom han fram att, og glade var me! Han hadde vore midt i den brattaste utforbakken på Bergahaugane, men la seg heldigvis ned, og var skadefri!

I unge år sprang Johannes 800 m rundt 2 minutt, som var svært godt på den tida. Då var det ikkje tartandekke og karbonsko.

Yngste dottera Sigvor er me i Ulvik særst stolte av. Ho starta treninga si her i Ulvik, og Johannes var stolt far – som me. Då ho var i Oslo, i BUL, tok ho utallige titlar i senior NM i friidrett.

Før familien kom til Ulvik, var dei 10 år i Misvær, ei lita bygd innafor Bodø. Ei lita historie derifrå og: I januar 1991 var det NM senior i langrenn i Bodø. Eg var leiar for løparane frå Hordaland. Mildver gjorde at NM vart flytta til Misvær, 8 mil inn i landet. Der var Johannes og Borghild prestefolk 1970–1980. Eg kom såleis lett i kontakt med arrangøren og bygdefolket. Eg vart mest omfamna av alle då eg fortalde at eg kjende Johannes og Borghild, som no var i Ulvik. Det var mykje vellæte å høyra om desse to. Eit svært hyggeleg minne.

Johannes var ein del plaga med sjukdom, alt frå Ulvik-tida. Men sprang gjorde han. Vossamila, Arnamila og halvmaraton.



I 2007 då Johannes skulle springa Arnamila for 10. gong (dei var no prestefolk i Haus på Osterøy), vart han intervjuet av Sporten i BT. Denne presten var spesiell. Han hadde lette løparbein under prestekjolen. Han vart spurd om løpinga hadde noko med hans kristne livssyn å gjera.

– Ja, for så vidt, sa Johannes.

– Det å ta vare på det Gud har skapt, også kroppen. Og så fungerer ein mykje betre når ein er i god form. Han kunne og syna til noko som stod i eit av Korintarbreva. Johannes forklara det med at ein må forsaka noko for å nå eit mål.

– I idretten er det også slik, sa han.

Me saknar Johannes og hans gode veremåte. Men me unner han no kvile etter lang tids sjukdom.

Eg vil avslutta med eit dikt av Olav H. Hauge. Temaet er livet. Som prostsa i kyrkja i dag; Johannes har levd eit liv, han har no avslutta sin lange veg. Hans veg.

DIN VEG

*Ingen har varda den vegen
du skal gå
ut i det ukjende
ut i det blå.
Dette er din veg.
Berre du skal gå han.
Og det er uråd å snu.
Og ikkje vardar du vegen,
du hell.
Og vinden stryk ut ditt far
i aude fjell.*

Johan Børsheim

Familiegudsteneste med fastelavens-sus!

TEKST OG BILETE: ULVIK SOKN

Sundag 15. februar var om lag 80 born og vaksne samla til familiegudsteneste i Ulvik kyrkje. Gudstenesta starta med ein lang og fin prosesjon med dåpsgut, konfirmantane og supertysdag-borna som bar frem flotte, heimelaga fastelavensris. Supertysdag-borna stilte opp framme i kyrkja og rørte oss med herleg song! Under preika gav konfirmantane og borna oss ei flott dramatisering av forteljinga om «Jesus og borna». Konfirmantane leia forbøna og hadde laga store hjarte

med fargar som symboliserer kjærleik, håp, vatn, fellesskap og rettferd – medan dei bad bøner med same tema. Vi hang opp små farga papirhjarde i håpstreet og tente lys i lysgloben. Postludium vart spela på orgelet av dyktige Oskar på 15 år. Ei storarta oppleving!

Etter gudstenesta vart det kyrkjekaffi med verdas beste fastelavensbollar og god prat! Hjarteleg takk til liten og stor for ei nydeleg stund saman i kyrkja vår!



Fastelavensris laga av Supertysdag-borna.



Kyrkjekaffi med fastelavens-sus!

Konfirmantane under forbøn i familiegudstenesta.

Eidfjord kyrkje med vind i segla

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Me segler i medvind for tida, og aktivitetane blømer. Det er jo snart vår... Ingeborg og Tonje samlar unge og eldre til ulike aktivitetar gjennom månadane, og me er glade for at me har god oppslutning om det me tilbyr. Presten vår Signe er ein god støttespelar og er ikkje vanskeleg å be når desse to kjem på nye sprell. Ho flettar meir enn gjerne aktivitetar inn i gudstenesta der det er naturleg.

At store og små strøymar til aktivitetane våre gir oss motivasjon og så håper me at gleda vår smitter over på dykk som kjem.



Klarer me å bygge tårnet heilt rundt Lillvi?

Ja, Lillvi er inni der, men ho er vanskeleg å sjå.



Filmdag på Ferie utan koffert
krev sjølvsgagt popkorn!



Samlingsstund med agentavis.



Bestefar er med på Happy-tirsdag, om enn noko passiv.

Lys vaken eller Lysvaken?

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Lys vaken er ein aktivitet for dei som går i 6. og 7. klasse. Ungane får lov å overnatta i kyrkjesalen for å oppleve at kyrkja rommar alle. Det er ein stad der me deler tradisjonar og verdiar og fellesskap. Mange sokn vel å arrangera dette natt til fyrste sundag i advent. I Eidfjord kyrkja har me teke eit anna val. Me arrangerer aktiviteten i januar for då skjer det ikkje så mange andre ting

Tema var: Kva er vitsen med å tru? Det er eit godt spørsmål med alt vondt som skjer i verda. Femten born sette seg inn i samtalen om dette for å finne eit svar. Til slutt lærde dei ein ny song som gav eit svar på spørsmålet:

**Verda manglar kjærleik.
Miskunn berre forsvinn,
men Gud, Han viser kjærleik,
gjennom sonen sin.**

Så lærde dei songen om Bartimeus som blei dramatisert til gudstenesta dagen etter. Det var sjølvsagt også rom for lek, moro, matlaging og kreative aktivitetar.

Med så mange born var det nødvendig å ha foreldra med på bana. To foreldre tok ansvar for å mobilisera fleire for å bidra. To av dei trakk det kortaste strået og skulle sova i lag med ungane. Men som overskrifta allereie lurte på: Er det Lys vaken eller Lysvaken? Dessverre for dei to blei det lysvaken,



for ungane hadde bestemt seg for at dei ikkje skulle sova denne natta, og det klarte dei nesten. Sundagsmorgonen gjekk vekkarklokka klokka 08.00. Alle sette i gang med rydding, så var det felles frukost med foreldra. Me avslutta Lys vaken med ei fin familiegudsteneste der heile gjengen var i full sving. Dei song, dramatiserte forteljinga om Bartimeus og deltok i bønnevandring og nattverd.

Takk for ei fin stund alle saman!





2006

TILBAKEBLIKK FRÅ EIDFJORD



Teatergudsteneste jol



Teatergudsteneste påske



Konfirmantar



Gullkonfirmantar



Kyrkjegardsdag



Minikonfirmantar



Ein liten baby-pilegrim.



Konfirmantar



Pilegrimstur til Osa



Glytt frå ein småbarnskafe



Eit knippe Vetlaskredo-medlemer



Vetlaskredo



Gudsteneste på Varbergshaugen.



Alteret på Varbergshaugen



Familiegudsteneste med vakkert samspel mellom liturgi, barnekor og korpsmusikk.



Borna laga englar i papir.

Familiegudsteneste

TEKST OG BILETE: ULVIK SOKN

7. desember inviterte Ulvik kyrkje inn til familiegudsteneste. Der deltok både borna som har vore på supetysdag i haust og skulemusikken.

Borna deltok i prosesjon inn i kyrkja, så dei hadde ein sentral rolle i familiegudstenesta. Når barn syng framme i kyrkjerommet, skaper det både liv og nærvær. Songane er gjerne enkle, med tydelege tekstar og fengande melodiar som gjer det lett for heile forsamlinga å vere med.

Samspelet mellom liturgi, barnekor og korpsmusikk gjer familiegudstenesta variert og inkluderande. Musikken skaper

overgangar mellom dei ulike delane av gudstenesta – frå opningssalme til forbøn og velsigning. Barna si deltaking minner forsamlinga om at kyrkja er eit fellesskap på tvers av alder. Medan gudstenesta føregjekk, laga borna englar i papir og teikna.

Ein familiegudsteneste med barnekor og korpsmusikk blir difor meir enn berre ei samling; ho blir ein møteplass der tru blir uttrykt gjennom både ord og tonar. Gjennom song, musikk og fellesskap blir kyrkjerommet fylt av liv, og både små og store kan gå heim med ei kjensle av å ha vore del av noko varmt, inkluderande og meningsfullt.

Ny gravplassmedarbeidar i Ulvik

Me er glade for å kunna ønskja Harry Dijkstra velkomen som ny gravplassmedarbeidar i Ulvik. Harry er opphavleg frå Nederland og har med seg solid fagkunnskap og brei erfaring inn i stillinga. Han har fagbrev som anleggsgartner, bachelorgrad i landskapsplanlegging og mange års røynsle med stell og vedlikehald av grøntareal. Gjennom arbeid med gravstell på gravplassane i Ulvik og Eidfjord har han vorte godt kjend med oppgåvene og ansvaret som ligg i gravplassarbeidet.

Harry fortel at han set pris på arbeidet som kombinerer praktiske oppgåver med omsyn, ro og respekt for menneske i sårbare situasjonar. Han ser fram til å bidra til at gravplassane i Ulvik vert velstelte, verdige og gode stader å koma for etterlatne og pårørande. Me ønskjer Harry hjarteleg lukke til i den nye stillinga, og ynskjer han velkomen inn i fellesskapet.



Harry Dijkstra



Jolatrefest på omsorgstunet

TEKST OG BILETE: ULVIK SOKN

Dette er 3. året Ulvik Sogn og Ulvik Bygdekvinne lag arrangerar jolatrefest i lag. Årets jolatrefest var laurdag 3. januar kl. 16.00, og her vart bebuarar på omsorgstunet invitert i lag med resten av bygda. Det kom mellom 70–80 store og små. Åsa Gunnarsdottir leia festen, og me byrja med å syngja ein jolasong. Elin Rondestveit er så snill å spela piano til

jolasongane. Det vart servert jolabrød, kaffi og andre godsaker medan praten gjekk. Me er så heldige at me har eit barnekor i Ulvik. Dei song for oss, og alle kunne syngja med. Åsa fortalde ein koseleg historie frå Alf Prøysen, som fekk både små og store til å fylgja med. Det vart gang rundt jolatreet, og jammen kom nissen. Han hadde med seg ei lita oppmerksomheit til dei minste.



Jolaftan – med eige ensemble!

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Jolaftan i Eidfjord kyrkje blei noko heilt spesielt. Ingeborg hadde skrive eit teaterstykke basert på joleevangeliet. Skodespelarane hadde øvd heile hausten i lag med Ingeborg og Signe. Signe var natuleg nok forteljaren i skodespelet, og

sjølv om forteljinga er godt kjent for presten vår, så krevde denne rolla det lille ekstra frå henne og. Alle skodespelarane, Ingeborg og Signe leverte til terningkast 6 – minst! Det vart ei flott oppleving for alle oss som var til stades. Kanskje vert dette ein ny tradisjon?



Desse to jentene fulgte godt med.
Kanskje blir dei med neste år??





Vi klarte det – og vi er nøgde med det!

Jolatreet i Ulvik kyrkje – eit konfirmantprosjekt!

TEKST OG BILETE: ULVIK SOKN

Dei tre siste åra har det vorte tradisjon at konfirmantane og presten hogg og pyntar jolatreet som skal stå i kyrkja. Ein nydeleg vinterdag i november drog dei til Bergo og vandra inn i skogen på jakt etter det finaste grantreet. Konfirmantane gjorde ein heiderleg innsats med å trekkja treet gjennom skogen. Med god hjelp frå soknerådet kom det på fot i kyrkja. Treet vart pynta til ljosmessa og pryda kyrkja i advent og joletida. Vi vil retta ein varm og hjarteleg takk til Eivind Bergo for at vi får koma kvart år å henta med oss eit tre til kyrkja! Ein skikkeleg fin tradisjon!



Konfirmantane
pyntar treet.



Konfirmantane i full sving med å få jolatreet ut av skogen på Bergo.



Frå ljosmessa 1. sundag i
advent. Flinke konfirmantar
og flott jolatrel!

Konfirmantar i Eidfjord 3. mai 2025



Gutar frå venstre: Andreas Meel Myrvang, Torgeir Bu, Simen Bergman og Mirco Maranini
Jenter frå venstre: Elin Myklatun Eriksen, Tora Johannessen, Tuva Stakseng Ukvitne, Britt Victoria Midtbø,
Martine Skår, Emilia Ingrid Elvgaard og Maiken Helen Moe-Stakseng Legland
Prest Signe Elisabeth Kvåle

GRAVPLASSHJØRNA

Kjeldesortering i Ulvik

Det blir kjeldesortering på gravplassane på Brakanes og Rossvold. Me ynskjer å bidra til gjenbruk av organisk avfall. Alt organisk avfall frå gravplassene kan kastast i kontaineren med brunt lokk. Venleg hugs å ta pottene av plantene før ein kastar dei.

Gravlykter overalt?

Kanskje du har lagt merke til at det ligg mange øydelagte gravlykter rundt omkring på gravplassen? Det er ikkje vinden som har blese dei vekk, men det er kråker og skjor som stikk av gårde med dei. Dei slepp gravlyktene frå stor høgde ned på asfalten. Når platen er knust et dei stearinen som er att.



KOR LANGT VILLE DU VORE VILLIG TIL Å SENDE DOTTER DI FOR Å HENTE VATN?

TEKST: EIDFJORD KYRKJE

Me er kanskje overgitt over regn dag etter dag men tenk likevel så heldige me er som har enorm tilgang til reint vatn i naturen rundt oss, og ikkje minst reint vatn i krana. Me kan fråste med vatn når me vil utan tanke for at me går tomme. Er me flinke nok til å sjå kor godt me har det? Antakeleg ikkje, men tenk litt over det. Korleis ville det vore hjå oss dersom me måtte gå til fots heilt til innerst i Simadal eller Osa for å hente vatn kvar dag? Mykje av tida vår ville gått med til rett og slett å overleve. Slik er det for utruleg mange folk i verda. Kirkens Nødhjelp sin årlege fasteaksjon har mottoet Håp i ein dråpe vatn. Pengane går til å hjelpe folk i akutt krise, men også til langsiktige prosjekt for å redusere fattigdom og nød i verda vår.

For nokre månadar sidan vart livet til familiane i byen Kutishafa sør i Etiopia heilt endra. Gjennom støtte frå Kirkens Nødhjelp fekk landsbyen reint vatn. Nå tek oppgåva med å hente reint vatn fem minutt mot tidlegare fleire timar.



I fjor samla Ulvik og Eidfjord inn i rundt kr 68.000,- gjennom Fasteaksjonen.

Dette er fantastiske tal, og me er svært stolte av resultatet. Håpet vårt er at me klarer å samle inn minst like mykje dette året fordi dette utgjer ein stor forskjell, for mange!

Fasteaksjonen er 22.–24. mars. Følg med på heimesidene våre eller Facebook for nøyaktig tidspunkt.



Som dagane går...

Døypte

Eidfjord

Henrik Asplund Læg Reid
Oline Riber Hotle
Isak Læg Reid Stakseng
Linnea Sæbø Låte
Oddgeir Hereid
Håkon Blindheim Kvammen

Ulvik

Bjørn Maximus Netland Lie
Conor Netland Lie
Frida Auganes Windsrygg
Sunniva Hamarsland
Olav Brørs Midtun

Avlidne

Eidfjord

Brita Midtbø, fødd 1932
Gjertrud Ingjerd, fødd 1931

Ulvik

Kirsten Helene Hjeltne, fødd 1925
Synnøva Opheim Eidsnes, fødd 1950
Judith Julie Møster, fødd 1933
Georg Løvtangen, fødd 1933
Målfrid Hjeltne, fødd 1957
Hildeborg Dalaker, fødd 1945
Nelly Camilla Fleten, fødd 1929

Konfirmantar 2026

ULVIK

LAURDAG 30. MAI KL. 11.00

Agnete Nedrevåg Espelid

Konrad Plonska Mediå

Hanna Netland

Mette Saga Evelinn Tveit

Eirik Østraat

EIDFJORD

LAURDAG 9. MAI 2026 KL. 12.00

Lukas Stavanes

Linus Fjetland

Julie Elvebakk

Conrad Pettersen Ervik

Bjørn Inge Hereid Medhus

Andreas Zaring Heen

Aleksander Tuv

Konfirmantar i Eidfjord og Ulvik

Soknerådet i Ulvik har vedteke fylgjande:
Frå og med 2027 vert det som tidlegare anna kvart
år fyrste og andre helga i mai.
Konfirmasjonsdato 2027: Sundag 2. mai kl. 11.00.

Soknerådet i Eidfjord har vedteke at fast
konfirmasjonsdag i Eidfjord vert andre laurdag i
mai kl. 12.00.



Gudstenesteliste

Vipps

Gåve til Ulvik sokn
410390



Du kan bruka Vipps ved ofringa og ved gåver.

Vipps Ulvik kyrkje:
125390

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
22.03.2026	18.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Kveldsgudsteneste
05.04.2026	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudsteneste
12.04.2026	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Familiegudsteneste
14.05.2026	11.00	Torsdag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudsteneste Kristi himmelfartsdag
17.05.2026	09.30	Sundag	Ulvik kyrkje	17. mai-gudsteneste
21.05.2026	18.00	Torsdag	Ulvik kyrkje	Samtalegudsteneste
24.05.2026	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudsteneste
30.05.2026	11.00	Laurdag	Ulvik kyrkje	Konfirmasjon
21.06.2026	11.00	Sundag	Hallanger	Midtsommargudsteneste
26.07.2026	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
16.08.2026	11.00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
22.02.2026	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
22.03.2026	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste m årsmøte
03.04.2026	17.00	Fredag	Eidfjord kyrkje	Langfredagsgudsteneste
05.04.2026	11.00	Sundag	Liseth pensjonat og hyttetun	Friluftsgudsteneste på Liseth
26.04.2026	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
09.05.2026	12.00	Laurdag	Eidfjord kyrkje	Konfirmasjon
17.05.2026	11.00	Sundag	Eidfjord gamle kyrkje	17. mai gudsteneste
24.05.2026	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Høgtidsgudsteneste
14.06.2026	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
05.07.2026	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
25.07.2026	17.00	Laurdag	Eidfjord gamle kyrkje	Jakobsmesse
09.08.2026	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste

Du kan bruka Vipps ved ofringa og ved gåver.

Vipps Eidfjord kyrkje:
127865

Vil du ha SMS med påminning når det er gudsteneste i Eidfjord kyrkje?

Ta kontakt med kyrjekontoret
telefon 53 66 52 51 eller e-post post@
eidfjordkyrkje.no, så set me deg på lista!



Ny ordning for offer

Eidfjord sokneråd har vedteke at meir av offerpengane skal gå til eige arbeid i kyrkjelyden vår.

Frå 01.01.2026 gjeld følgjande: Alle offer som blir samla inn i løpet av året blir samla i ein stor pott. Når året er omme går halvparten av potten til eige arbeid i kyrkjelyden.

Resten blir fordelt likt mellom desse fem formåla:

- IKO
- Søndagskulen
- Kirkens Bymisjon
- Redd Barna
- Eidfjord røde kors omsorg



Sommarjobb i Ulvik kyrkje



For deg mellom 16–18 år:

Vil du ha ein kjekk og litt annleis sommarjobb?

Ulvik fellesråd søker sommerhjelp i Ulvik kyrkje

27. juli – 21. august. Jobb i 3 veker totalt.

Arbeidsoppgåver:

- hjelpa til med enkle oppgåver på gravplassar
- låsa opp og att kyrkja
- ta imot og eventuelt visa rundt turistar

Me ser etter deg som:

- er påliteleg
- likar å møta folk
- vil ha ein meningsfull sommarjobb

Dette er ein fin sjanse til å få arbeidserfaring og tena eigne pengar – midt i Ulvik!

Interessert?

For meir informasjon eller for å senda søknad ta kontakt med Wilma van Manen:

Tlf.: 958 04 217

E-post: wm953@kyrkja.no



Vekselbanken i Eidfjord

– din nye, lokale bank?



Me er ein god medspelar for kundane våre i alle livsfasar og situasjonar. Du får personleg service og rådgjevnad i samspel med smarte digitale løysingar. Me set vår æra i å finne gode løysingar kring økonomiske val for våre kundar. Du kan treffa oss på Sentrumstunet i Eidfjord, eller i Vangsgata på Voss. Les meir på vekselbanken.no



Eidfjord



Vårt Fjell & Fjord Hjerte
er takknemlig;



Lokal handel gir livsgnist!

Velkommen til Eidfjord

www.effh.no / 53 66 52 64

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



coop
prix

COOP PRIX
ULVIK

Skeievegen 15,
5730 Ulvik
Tlf: 56 52 61 01

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands VİRKE
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

56 51 11 94 / 415 54 522
www.vinsand.no

Kinsarvik
BLOMAR AS

pb. 5, 5782 Kinsarvik tlf 53 66 60 64

ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89
Mob. 907 54 533



Supertysdag

– Nytt tilbod til småbarnsfamiliar i Ulvik

TEKST OG BILETE: ULVIK SOKN

Ein tysdag i månaden er små og store samla til middag, andakt, hobbyaktivitetar og songstund på Omsorgstunet. Og talet på deltakarar aukar framleis jamnt og trutt. På samlinga i februar talte me 21 born og 16 foreldre!

Initiativet kom frå Ingeborg, trusopplærar i Eidfjord. I Eidfjord har dei som kjent lenge samla småbarnsfamiliar til Minikyrkje. No hadde Ingeborg litt ledig tid, og tok gjerne turen over brua for å hjelpe Ulvik i gang med tilsvarende familiesamlingar. Ved hjelp frå henne, blei det i 2024 starta opp samlingar eit par gonger i semesteret. Då ho såg at tiltaket sto støtt på lokale krefter, trakk ho seg tilbake. No har me fleire

friviljuge medarbeidarar i sving kvar gong, og me gler oss over alle som støttar opp om tiltaket!

Menyen er den same kvar gong: kjøttboller, potetstappe og grønsaker, og det verkar som om maten fell i smak, både hjå born og vaksne. Etter middag, er det andakt og songstund. Og songane me øver inn, syng me på familiegudstenestene i kyrkja. Under adventsgudstenesta i desember, deltok heile 16 born med korsong og prosesjon!

Våren 2026 vert det Supertysdag-samlingar på Omsorgstunet fylgjande datoar: 17. mars, 7. april, 5. mai og 9. juni. Samlingane varer frå klokka 16.00-18.00. Me ynskjer gamle og nye familiar velkomne!



På supertysdag-samlinga i februar laga me fastelavensris som skulle brukast på fastelavensgudstenesta sundagen etter.